

## KOMMISJONENS GJENNOMFØRINGSavgjerd

2021/EØS/40/06

av 14. februar 2014

**om endring av vedlegg II til vedtak 93/52/EØF med omsyn til godkjenninga av visse regionar i Italia og Spania som offisielt frie for brucellose (*B. melitensis*), og om endring av vedlegg I, II og III til vedtak 2003/467/EF med omsyn til fråsegna om at Ungarn er offisielt fritt for tuberkulose, at Romania og visse regionar i Italia er offisielt frie for brucellose, og at visse regionar i Italia er offisielt frie for enzootisk bovin leukose**

[meld under nummeret K(2014) 741]

(2014/91/EU)(\*)

EUROPAKOMMISJONEN HAR —

med tilvising til traktaten om verkemåten til Den europeiske unionen,

med tilvising til rådsdirektiv 64/432/EØF av 26. juni 1964 om dyrehelseproblemer ved handel med storfe og svin innenfor Fellesskapet<sup>(1)</sup>, særleg vedlegg A avsnitt I nr. 4, vedlegg A avsnitt II nr. 7 og vedlegg D avsnitt I del E,

med tilvising til rådsdirektiv 91/68/EØF av 28. januar 1991 om krav til dyrehelse ved handel med sau og geit innenfor Fellesskapet<sup>(2)</sup>, særleg vedlegg A kapittel 1 avsnitt II, og

ut frå desse synsmåtene:

- 1) I direktiv 91/68/EØF er det fastsett krav til dyrehelse ved handel med sau og geit i Unionen. I direktivet er det fastsett kva vilkår som ligg til grunn for at medlemsstatar eller regionar i medlemsstatar skal kunne godkjennast som offisielt frie for brucellose.
- 2) Listene over regionar i medlemsstatar som er godkjende som offisielt frie for brucellose (*B. melitensis*) i samsvar med direktiv 91/68/EØF, er oppførte i vedlegg II til kommisjonsvedtak 93/52/EØF<sup>(3)</sup>.
- 3) Italia har lagt fram for Kommisjonen dokumentasjon som syner at dei krava som er fastsette i direktiv

91/68/EØF, er oppfylte, slik at regionane Liguria og Lazio kan verte godkjende som offisielt frie for brucellose (*B. melitensis*).

- 4) Som følge av vurderinga av den dokumentasjonen som Italia har lagt fram, bør regionane Liguria og Lazio godkjennast som offisielt frie for brucellose (*B. melitensis*).

- 5) Spania har lagt fram for Kommisjonen dokumentasjon som syner at dei krava som er fastsette i direktiv 91/68/EØF, er oppfylte, slik at det autonome området Navarra kan verte godkjent som offisielt fritt for brucellose (*B. melitensis*).

- 6) Som følge av vurderinga av den dokumentasjonen som Spania har lagt fram, bør det autonome området Navarra godkjennast som offisielt fritt for brucellose (*B. melitensis*).

- 7) Dei høvesvise postane for Italia og Spania i vedlegg II til vedtak 93/52/EØF bør difor endrast.

- 8) Direktiv 64/432/EØF vert nytta på handel med storfe og svin i Unionen. I direktivet er det fastsett kva vilkår som ligg til grunn for at ein medlemsstat eller ein region i ein medlemsstat skal kunne godkjennast som offisielt fri for tuberkulose, brucellose og enzootisk bovin leukose hjå storfebuskapar.

(\*) Denne unionsrettsakten, kunngjort i EUT L 46 av 18.2.2014, s. 12, er omhandlet i EØS-komiteens beslutning nr. 162/2014 av 25. september 2014 om endring av EØS-avtalens vedlegg I (Veterinære og plantesanitære forhold), se EØS-tillegget til *Den europeiske unions tidende* nr. 43 av 30.7.2015, s. 5.

<sup>(1)</sup> TEF 121 av 29.7.1964, s. 1977/64.

<sup>(2)</sup> TEF L 46 av 19.2.1991, s. 19.

<sup>(3)</sup> Kommisjonsvedtak 93/52/EØF av 21. desember 1992 om konstatering av at visse medlemsstatar eller regioner oppfyller vilkårene med hensyn til brucellose (*B. melitensis*), og om anerkjening av deres status som medlemsstatar eller regioner offisielt fri for denne sykdommen (TEF L 13 av 21.1.1993, s. 14).

- 9) Listene over medlemsstatar og regionar som er godkjende som offisielt frie for tuberkulose, brucellose og enzootisk bovin leukose, er oppførte i vedlegga til kommisjonsvedtak 2003/467/EF<sup>(4)</sup>.

<sup>(4)</sup> Kommisjonsvedtak 2003/467/EF av 23. juni 2003 om fastsetjing av status for storfebuskapar i visse medlemsstatar eller regionar i medlemsstatar som offisielt frie for tuberkulose, brucellose og enzootisk bovin leukose (TEF L 156 av 25.6.2003, s. 74).

- 10) Ungarn har lagt fram for Kommissjonen dokumentasjon som syner at dei krava som er fastsette i direktiv 64/432/EØF med omsyn til status som offisielt fri for tuberkulose, er oppfylte for heile territoriet til denne medlemsstaten.
- 11) Som følgje av vurderinga av den dokumentasjonen som Ungarn har lagt fram, bør denne medlemsstaten godkjennast som offisielt fri for tuberkulose.
- 12) Romania har lagt fram for Kommissjonen dokumentasjon som syner at dei krava som er fastsette i direktiv 64/432/EØF med omsyn til status som offisielt fri for brucellose, er oppfylte for heile territoriet til denne medlemsstaten.
- 13) Som følgje av vurderinga av den dokumentasjonen som Romania har lagt fram, bør denne medlemsstaten godkjennast som offisielt fri for brucellose.
- 14) Italia har lagt fram for Kommissjonen dokumentasjon som syner at dei krava som er fastsette i direktiv 64/432/EØF med omsyn til status som offisielt fri for brucellose, er oppfylte for regionen Liguria.
- 15) Som følgje av vurderinga av den dokumentasjonen som Italia har lagt fram, bør regionen Liguria godkjennast som offisielt fri for brucellose.
- 16) Italia har lagt fram for Kommissjonen dokumentasjon som syner at dei krava som er fastsette i direktiv 64/432/EØF med omsyn til status som offisielt fri for enzootisk bovin leukose, er oppfylte for provinsen Avellino i regionen Campania, for provinsen Latina i regionen Lazio og for regionen Liguria.
- 17) Som følgje av vurderinga av den dokumentasjonen som Italia har lagt fram, bør provinsen Avellino i regionen Campania, provinsen Latina i regionen Lazio og regionen Liguria godkjennast som regionar som er offisielt frie for enzootisk bovin leukose.
- 18) Vedlegg I, II og III til vedtak 2003/467/EF bør difor endrast.
- 19) Dei tiltaka som er fastsette i denne avgjerda, er i samsvar med fråsegna frå Det faste utvalet for næringsmiddelkjeda og dyrehelsa —

TEKE DENNE AVGJERDA:

*Artikkel 1*

Vedlegg II til vedtak 93/52/EØF vert endra i samsvar med vedlegg I til denne avgjerda.

*Artikkel 2*

Vedlegg I, II og III til vedtak 2003/467/EF vert endra i samsvar med vedlegg II til denne avgjerda.

*Artikkel 3*

Denne avgjerda er retta til medlemsstatane.

Utfërda i Brussel, 14. februar 2014.

*For Kommissjonen*

Tonio BORG

*Medlem av Kommissjonen*

*VEDLEGG I*

I vedlegg I til vedtak 93/52/EØF vert det gjort følgjande endringar:

1) Posten for Italia skal lyde:

«I Italia:

- Regionen Abruzzo: provinsen Pescara
- Provinsen Bolzano
- Regionen Emilia-Romagna
- Regionen Friuli-Venezia Giulia
- Regionen Lazio
- Regionen Liguria
- Regionen Lombardia
- Regionen Marche
- Regionen Molise
- Regionen Piemonte
- Regionen Sardinia
- Regionen Toscana
- Provinsen Trento
- Regionen Umbria
- Regionen Valle d'Aosta
- Regionen Veneto.»

2) Posten for Spania skal lyde:

«I Spania:

- Det autonome området Asturia
  - Det autonome området Balearene
  - Det autonome området Kanariøyene: provinsene Santa Cruz de Tenerife og Las Palmas
  - Det autonome området Cantabria
  - Det autonome området Castilla y León
  - Det autonome området Galicia
  - Det autonome området Navarra
  - Det autonome området Baskerland.»
-

## VEDLEGG II

I vedlegg I, II og III til vedtak 2003/467/EF vert det gjort følgjande endringar:

1) I vedlegg I skal kapittel 1 lyde:

**«KAPITTEL 1****Medlemsstatar som er offisielt frie for tuberkulose**

| ISO-kode | Medlemsstat                |
|----------|----------------------------|
| BE       | Belgia                     |
| CZ       | Den tsjekkiske republikken |
| DK       | Danmark                    |
| DE       | Tyskland                   |
| EE       | Estland                    |
| FR       | Frankrike                  |
| LV       | Latvia                     |
| LU       | Luxembourg                 |
| HU       | Ungarn                     |
| NL       | Nederland                  |
| AT       | Austerrike                 |
| PL       | Polen                      |
| SI       | Slovenia                   |
| SK       | Slovakia                   |
| FI       | Finland                    |
| SE       | Sverige»                   |

2) I vedlegg II skal kapittel 1 lyde:

**«KAPITTEL 1****Medlemsstatar som er offisielt frie for brucellose**

| ISO-kode | Medlemsstat                |
|----------|----------------------------|
| BE       | Belgia                     |
| CZ       | Den tsjekkiske republikken |
| DK       | Danmark                    |
| DE       | Tyskland                   |
| EE       | Estland                    |
| IE       | Irland                     |

| ISO-kode | Medlemsstat |
|----------|-------------|
| FR       | Frankrike   |
| LV       | Latvia      |
| LU       | Luxembourg  |
| NL       | Nederland   |
| AT       | Austerrike  |
| PL       | Polen       |
| RO       | Romania     |
| SI       | Slovenia    |
| SK       | Slovakia    |
| FI       | Finland     |
| SE       | Sverige»    |

3) I vedlegg II kapittel 2 skal posten for Italia lyde:

«I Italia:

- Regionen Abruzzo: provinsen Pescara
- Provinsen Bolzano
- Regionen Emilia-Romagna
- Regionen Friuli-Venezia Giulia
- Regionen Lazio: provinsane Frosinone, Latina, Rieti og Viterbo
- Regionen Liguria
- Regionen Lombardia
- Regionen Marche
- Regionen Molise: provinsen Campobasso
- Regionen Piemonte
- Regionen Puglia: provinsen Brindisi
- Regionen Sardinia
- Regionen Toscana
- Provinsen Trento
- Regionen Umbria
- Regionen Valle d'Aosta
- Regionen Veneto.»

## 4) I vedlegg III kapittel 2 skal posten for Italia lyde:

«I Italia:

- Regionen Abruzzo: provinsen Pescara
  - Provinsen Bolzano
  - Regionen Campania: provinsane Avellino, Benevento og Napoli
  - Regionen Emilia-Romagna
  - Regionen Friuli-Venezia Giulia
  - Regionen Lazio: provinsane Frosinone, Latina, Rieti og Viterbo
  - Regionen Liguria
  - Regionen Lombardia
  - Regionen Marche
  - Regionen Molise
  - Regionen Piemonte
  - Regionen Puglia: provinsen Brindisi
  - Regionen Sardinia
  - Regionen Sicilia: provinsane Agrigento, Caltanissetta, Catania, Enna, Palermo, Ragusa, Siracusa og Trapani
  - Regionen Toscana
  - Provinsen Trento
  - Regionen Umbria
  - Regionen Valle d'Aosta
  - Regionen Veneto.»
-